

Saksbehandlar: Olav Skarsbø
Avdeling: Næringsavdelinga
Sak nr.: 11/6412-84

Omdisponering av breibandmidlar

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slik vedtak:

Jølster kommune får omdisponere 1,5mill kr til ei utvida fiberutbygging i kommunen. Midlane kjem frå ei løyving på 2 mill kr i september 2012.

Vedlegg:

Søknad frå Jølster kommune

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Breibandstrategi for Sogn og Fjordane vedteken i fylkestinget 17.04.12

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Jølster kommune søker om å få omdisponere tildelte breibandmidlar og utvida eit prosjektet med fiberutbygging til andre område i kommunen.

2. Bakgrunn

Jølster kommune fekk i september 2012 tilsegn om kr 2 000 000 til utbygging av fiber til husstandar i Skei sentrum og Fossheim industriområde.

Jølster kommune har lagt ned mykje ressursar i å utarbeide eit godt konkurransegrunnlag, Det er gjennomført anbudsutlysing, jf. lov om offentlege innkjøp. Fiberutbygging i det aktuelle området vert 1,5 mill kr lågare enn budsjettet. Underforbruket skuldast i hovudsak at det alt var lagt fiber fram til Skei. Tilførsel fram til området vart derfor ikkje ein del av prosjektet.

Kommunen søker no om å utvide prosjektet til eit vesentleg større område og dermed gi fleire husstandar tilbod om fiberbasert breiband.

3. Saksvurdering

Jølster kommune sin søknad er ei utviding og justering av eit prosjekt som det tidlegare er gitt tilsegn om. Prosjektet er framtidsretta og nyttar berekraftig teknologi som vil vare i mange år.

Eit vesentleg punkt i vurdering er at ei større fiberutbygging i Jølster ville stått like sterkt som dei andre prosjekta som fekk tildelt midlar i 2012. Ut frå ei heilskapsvurdering finn vi det rett å gi løyve til omdisponering av midlane som det no ikkje er behov for på Skei og Fossheim industriområde.

Søknaden er drøfta med breibandforum og innkjøpstenesta i fylkeskommunen. Begge støttar denne tilrådinga.

Jølster kommune må utarbeide ein revidert framdriftsplan for utbygginga og akseptere vilkåra for utbygging. Blant anna må kommunen følgje regelverk for offentleg innkjøp og unngå konkurransevriding.

4. Konklusjon/tilråding

Jølster kommune får omdisponere 1,5 mill til ei utvida fiberutbygging i kommunen. Midlane kjem frå ei løyving på 2 mill kr i 2012.